



Sak: Tilsyn med kommunal beredskapsplikt  
Dokumenttilsyn

Vår dato: 11.12.2019

Vår ref.: 2018/ 2302 350

Osterøy kommune  
Kommunenr. 1253

Tilsynsleiar/gruppe: Lene Stavseng og Anne C. F. Eide

## Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt

### Innleiing

Fylkesmannen gjennomførte 01.11. - 10.12.2019 dokumenttilsyn med beredskapsplanen til Osterøy kommune, jf. § 15 i sivilbeskyttelseslova og §§ 4 og 6 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### Heimel, føremål og avgrensinger

Tilsynet vart gjennomført med heimel i [§ 29 i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelseslova\)](#) og [§ 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22. august 2011](#).

Føremålet var å kontrollere om kommunen etterlever krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt, jf. § 15 i sivilbeskyttelseslova og utdjupa i §§ 4 og 6 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynsrapporten omhandlar dei avvik og forbettingspunkt som vart avdekte under tilsynet. Den gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen gjer på samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Den er såleis heller ikkje ei evaluering av evna som kommunen har til å handtere uønskte hendingar.

### Hovudinntrykk

Osterøy kommunen har dei siste åra arbeidd med å oppdatere beredskapsplanverket sitt. Det er mellom anna utarbeidd ei heilskapleg ROS-analyse i 2018 og overordna beredskapsplan er ein oppfølgjar etter ferdigstilling av analysen. Kommunen viste i sluttmøtet god forståing for dei temaat som vart tatt opp.

Kommunen har lagt fram ein overordna beredskapsplan som grunnlag for dokumenttilsynet, og det er denne Fylkesmannen har teke utgangspunkt i ved tilsynet. Dokumentet ser noko uferdig ut og manglar omtale av sentrale og viktige element innan communal beredskap. Beredskapsplanen må utbetraast slik at den fullt ut stettar krav i lov og forskrift.

Osterøy kommune tilfredsstiller ikkje krav i lov og forskrift om communal beredskapsplikt, fordi det er manglar ved beredskapsplanen.



## Møte for gjennomgang av resultat og deltarar

Lene Stavseng og Anne C. F. Eide har gjennomført dokumenttilsynet med Osterøy kommune.

Etter dokumentgjennomgangen vart det tysdag 10.12.2019 gjennomført sluttmøte der resultatet vart presentert. Lene Stavseng og Anne C.F. Eide representerte Fylkesmannen.

Kommuneleiinga i Osterøy kommune var representert under sluttmøtet for dokumenttilsynet:

- Ingvild Hjelmtveit, rådmann
- Berit Rystad, sektorleiar for samfunnsutvikling
- Nina Kvamme, sektorleiar helse og omsorg
- Ivar Sandgren, sektorleiar oppvekst, undervisning og kultur
- Øyvind Johannessen, økonomisjef

## Definisjonar

**Avvik:** Brot på etterleving av krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt og forskrifta til denne.

**Merknad:** Funn som Fylkesmannen meiner det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av beredskapsplikta.

## Resultat

### Avvik:

Følgjande avvik vart avdekt under tilsynet:

#### Avvik

Kravet til beredskapsplan, jf. §15 i sivilbeskyttelseslova og §§ 4 og 6 forskrift om kommunal beredskapsplikt, er ikkje tilfredsstilt.

Avviket er gitt med bakgrunn i følgjande manglar:

Kommunen har ikkje ein fullverdig evakueringsplan og manglar plan for befolkningsvarsling. Til dømes må kommunen identifisere aktuelle stader/lokale for samling av evakuerte og pårørande og inkludere dette skriftleg i planen.

Kommunen har eit lokasjonsbasert UMS-system for varsling av innbyggjarane, men den gjeldande beredskapsplanen omtalar ikkje korleis det kan brukast som befolkningsvarsling under kriser og uønskte hendingar. Dette må kommunen nedfelle skriftleg.

Det manglar datering og revisjonsnummer av beredskapsplanen, og det manglar opplysning om kven som sist har revidert planen.

Osterøy kommune sin beredskapsplan manglar tydeleg omtale av ansvar og roller for dei som utgjer kommunens kriseleiing. Planen er inkonsistent i omtalen av ansvars- og rollefordelinga mellom



ordførar og rådmann, og likeins i omtalen av ansvars- og rollefordelinga mellom politiet og kommunen.

Det manglar omtale av andre planar i kommunen som den overordna beredskapsplanen ev. samordnar. Det er heller ikkje omtalt om planen samordnar beredskapsplanar hjå andre private og offentlege aktørar.

Det går ikkje tydeleg fram av beredskapsplanen om den er utarbeidd med bakgrunn i ny heilskapleg ROS-analyse. Vi saknar skildring av samanhengen mellom heilskapleg ROS-analyse og beredskapsplanen.

### **Merknad:**

Følgjande forbetringspunkt vart avdekt under tilsynet:

#### Merknad nr. 1

I planen for krisekommunikasjon bør det gå fram at informasjon under uønskte hendingar òg må nå fram til dei med anna morsmål enn norsk.

#### Merknad nr. 2

I planen bør det gå fram korleis dei som har ei rolle i KKL får opplæring. Kommunen bør skildre korleis dei sikrar at alle som er tiltenkt ei rolle i krisehandteringen har tilstrekkelege kvalifikasjonar.

### **Dokumentasjon**

Følgande skriftlege dokument er nytta som grunnlag for tilsynet:

- Osterøy kommune Overordna beredskapsplan Versjon 01.